



Referansar:

Arkivsak: 17/06430-18

Saksdokumenter:

KM 07.1/17 Forslag til nytt visjonsdokument NN.docx

KM 07.2/18 Høyringsvar NN.docx

Visjonsdokument 2019-2022

Samandrag

Noverande visjonsdokument gjeld for 2015–2018, derfor skal ein revisjon av dokumentet opp på Kyrkjemøtet 2018 for å kunne gjelde frå 2019. Kyrkjerådet gjer framlegg om å leggje opp til ein fast revisjon av visjonsdokumentet på det andre Kyrkjemøtet i kvar valperiode.

Kyrkjerådet foreslår å avgrense revisjonen til det mest nødvendige. Grunngevingar for dette er at Den norske kyrkja er inne i store endringar, og at ei meir omfattande behandling av visjonsdokumentet bør skyvast fram til neste periode. Vidare synest «Meir himmel på jorda» å fungere som overordna dokument – med lokale tilpassingar. Dessutan bør ein større revisjon begynne såpass tidleg at dei valde råda kan behandle ei høyring. Det har ikkje vore mogleg i denne omgangen.

Med bakgrunn i dette er det ved bispedømmekontora og i Kyrkjerådet gjennomført ei avgrensa og administrativ behandling som grunnlag for vedlagde forslag.

Forslag til vedtak

Kyrkjerådet rår Kyrkjemøtet til å gjere følgjande vedtak:

1. Kyrkjemøtet vedtar som visjonsdokument for Den norske kyrkja i perioden 2019– 2021 *Meir himmel på jorda* med tilhøyrande målformuleringar.
2. Kyrkjemøtet ber dei sentralkyrkjelege råda og bispedømmeråda om å følgje opp visjonen og dei strategiske måla i planane sine og i rapportering.

3. Bispedømmeråda blir vidare bedne om å følgje opp saka overfor sokneråda/fellesråda i bispedømmet.

Saksorientering

Bakgrunn

Noverande visjonsdokument gjeld for 2015–2018, derfor skal ein revisjon av dokumentet opp på Kyrkjemøtet 2018 for å kunne gjelde frå 2019. Kyrkjerådet gjer framlegg om å leggje opp til ein fast revisjon av visjonsdokumentet på det andre Kyrkjemøtet i kvar valperiode. Da kan dei valde medlemmene vere med på å påverke visjon og strategiar i eigen periode, samtidig som dei har eit års erfaring bak seg. Dermed foreslår ein at denne revisjonen skal gjelde for tre år: 2019–2021.

Kyrkjerådet rår til at revisjonen blir avgrensa til det mest nødvendige, av fleire årsaker. Den norske kyrkja er inne i store endringar, og ein meir omfattande revisjon bør skje i neste valperiode. Kontinuitet er viktig i omstillingsperioden, og visjonsdokumentet er ein av berebjelkane i prosessen. Vidare synest «Meir himmel på jorda» å fungere som overordna dokument – med lokale tilpassingar. Dessutan bør ein større revisjon begynne såpass tidleg at dei valde råda kan behandle ei høyring.

Prosess

Det er gjennomført ei avgrensa og administrativ behandling som grunnlag for dette saksframlegget. Tidspress på grunn av forvaltningsreforma har ført til at ei brei politisk høyring ikkje har vorte prioritert denne gongen. Prosessen begynte 25. oktober 2017 med workshop under Styringssamtale 2 med stiftsdirektørane og leiargruppa i Kyrkjerådet, etterfølgt av høyringsbrev 7. november. Administrasjonen ved alle bispedømmekontora og avdelingane i Kyrkjerådet vart gitt desse premissane:

- Første delen i det gjeldande visjonsdokumentet, dvs. fram til «*I perioden 2015–2018 vil vi at*», blir uendra.
- Dei strategiske måla med underpunkt blir stort sett som no, og/eller dei blir justerte og supplerte der det blir vurdert som nødvendig.

Høyringsoppgåver:

1. Vurder formuleringa av kvart enkelt strategisk mål og kom eventuelt med forslag til endring og kort grunngiving.
2. Sjå på punkt for punkt under målet og vurder heilskapen, dei enkelte punkta og formuleringane. Gi forslag til endringar og korte kommentarar.

Generelle rammer:

- Mål og underpunkt skal vere overordna og generelle, men (nokre) også spesifikke nok til at dei kan endrast kvart fjerde (no om tre) år.
- Dei fire strategiske måla skal supplerast med eit som ein foreslår skal heite *Den norske kyrkja er demokratisk og funksjonelt organisert*, og som handlar om kyrkjeval, organisering og styring av kyrkja.

- Sjølv om vi inkluderer eit punkt 5, skal omfanget vere tilnærma det same, dvs. at noko må formulerast om, utelatast eller setjast opp på ein annan måte.
- Vi held fram med bruk av presensform og heile setningar.
- Lag eit systematisk oppsett med tilvising til nummer og bokstav.

Alle avdelingane i Kyrkjerådet og alle bispedømme så nær som Nord-Hålogaland leverte høyringssvar, av varierende omfang. Svara vart systematiserte i eit dokument til leiarmøtet i Kyrkjerådet, sjå vedlegg. På grunnlag av drøftingar vart vedlagde framlegg til nytt visjonsdokumentet utarbeidd. Terskelen for endring av noverande formuleringar vart lagd høgt.

Det reviderte forslaget er 3–4 linjer lengre enn dagens dokument. Det vil enkelt kunne få plass på éi side gjennom tilpassing av design.

Resultatmål og nøkkelindikatorar

I møtet 24.–26. september 2014 vedtok Kyrkjerådet dokumentet som konkretiserer dei strategiske måla i visjonsdokumentet gjennom resultatmål og nøkkelindikatorar. Dette vil bli revidert i etterkant av Kyrkjemøtet og lagt fram for Kyrkjerådet i september. Røynsler frå arbeidet med verksemdsplanar og årsrapport dei siste åra vil vere eit viktig grunnlag for dette.

Forslag til revidert visjonsdokument

Det er brukt blå skriftfarge på formuleringar i noverande dokument. Underpunkta har fått mellombels bokstavnemningar for å lette behandlinga.

Meir himmel på jorda

Kyrkja vitnar i ord og gjerning om frelse, fridom og håp i Jesus Kristus ved å vere

vedkjennande

Vi vedkjenner trua på og tilber Den treeinige Gud saman med den verdsvide kyrkja.

open

Vi er eit fellesskap prega av likeverd, deltaking og respekt for mangfald.

tenande

Vi viser miskunn, fremjar rettferd og vernar om skaparverket.

misjonerande

Vi vitnar om Jesus Kristus lokalt og globalt.

Kommentar:

Det språklege er forbetra ved å tydeleggjere verb og objekt i setninga som forklarar kjerneordet «vedkjennande». Stor bokstav (D) i «Den treeinige» er meir korrekt. Tidlegare: «Vi tilber og vedkjenner trua på den treeinige Gud ...»

I perioden 2015–2018 vil vi at:

1. Gudstenestelivet blomstrar

- Gudstenesta gir eit møte med det heilage, med Gud.
- Gudstenesta er eit ope, deltakande og inkluderande fellesskap.
- Gudstenesta knyter oss til heile den verdsvide kyrkja.
- Kyrkja har vigslar som feirar kjærleiken og ber om Guds velsigning over samlivet.
- Kyrkja lar etterlatne møte omsorg og få oppleve ei verdig gravferd der dei får leggje den døde i Guds hender.
- Kyrkja varetar og fornyar kyrkjemusikken og gir rom for ulike kunst- og kulturuttrykk.

I perioden 2019–2021 vil vi at:

1. Gudstenestelivet blomstrar

- A** Gudstenesta gir eit møte med det heilage, med Gud.
- B** Gudstenesta er eit ope, deltakande og inkluderande fellesskap.
- C** Gudstenesta knyter oss til den verdsvide kyrkja.
- D** Kyrkjelege vigslar feirar kjærleiken, og vi ber om Guds velsigning over samlivet.
- E** Kyrkja lar etterlatne møte omsorg og få oppleve ei verdig gravferd.
- F** Kyrkja varetar og fornyar kyrkjemusikken og gir rom for ulike kunst- og kulturuttrykk.

Kommentarar til endringar:

Fleire høyringssvar peikar på at ordet «blomstrar» er upresist og bryt med språket i dokumentet. Vidare hevdar fleire at punktet ikkje er dekkjande for områda i underpunktta. Kyrkjerådet har likevel valt å behalde ordlyden i denne omgangen med avgrensa revisjon.

C Ordet «heile» er overflødig og utelate.

D Er språkleg omarbeidd.

E Siste del, «der dei får leggje den døde i Guds hender», er sløyfa, ettersom første del blir vurdert som god nok som målformulering i denne samanhengen.

2. Fleire søker dåp og trusopplæring

- Medlemmer i Den norske kyrkja døyper barna sine.
- Alle døypte og tilhøyrande i alderen 0–18 år blir inviterte til trusopplæring som gjer at dei kjenner seg heime i kyrkja, og som gir kunnskap om kristen tru.
- Konfirmasjonstida gir næring til tru og liv.
- Aldersgruppa 18–30 år erfarer at kyrkja er relevant, livsnær og tilgjengeleg.
- Kyrkja har trusopplæring for vaksne.
- Samisk kyrkjeliv er livskraftig og likeverdig, og samisk språk og kultur blir varetatt i gudstenestelivet og trusopplæringa.
- Kvensk språk og kultur blir varetatt i gudstenestelivet og trusopplæringa.

2. Fleire søker dåp og trusopplæring

- A** Medlemmer i Den norske kyrkja døyper barna sine.

- B** Alle døypte og tilhøyrande i alderen 0–18 år blir inviterte til trusopplæring som gjer at dei kjenner seg heime i kyrkja, og som gir kunnskap om kristen tru.
- C** Fleire barn og unge deltar i kristent barne- og ungdomsarbeid.
- D** Konfirmasjonstida gir fellesskap og næring til tru og liv.
- E** Aldersgruppa 18–30 år erfarer at kyrkja er relevant, livsnær og tilgjengeleg.
- F** Kyrkja har trusopplæring for vaksne.
- G** Samisk kyrkjeliv er livskraftig og likeverdig; samisk og kvensk språk og kultur blir varetatt i gudstenestelivet og trusopplæringa.
- H** Teiknspråket og kulturen til døve blir varetatt i gudstenestelivet og trusopplæringa.

Kommentarar til endringar:

Fleire omtalar det urealistiske i dagens formulering av hovudpunktet, Kyrkjerådet går inn for at det består i denne runden.

A Meir korrekt formulering.

C Nytt punkt som framhevar verdien av eit fellesskapsdannande barne- og ungdomsarbeid. Det meir opne og inkluderande «kristent» er valt i staden for «kyrkja sitt».

D Tilføyning av «gir fellesskap» for å gjere punktet meir dekkjande.

G Her slår ein saman dei likelydande punkta om samisk og kvensk språk og kultur. Språka har ulik status og ulike formelle krav, kyrkja har plikt til å leggje til rette for samisk, men vil prøve å vareta kvensk.

Forenklinga kan ein òg sjå i samanheng med nytt punkt

H, som varetar teiknspråket og kulturen til døve, med tilsvarande ordlyd som punkt **G**.

3. Folkekyrkja engasjerer seg i samfunnet

- I samarbeid mellom kyrkjelydar og diakonale institusjonar fremjar kyrkja omsorg, verdigheit og respekt.
- Kyrkja fremjar menneskeverd, fred, menneskerettar og respekt for skaparverket.
- Misjon er del av kyrkjelydens identitet og eit uttrykk for at Gud har gjort oss til sine sendebod.
- Kyrkja er ein relevant aktør i mediesamfunnet.
- Kyrkja er ein tydeleg og konstruktiv aktør i det norske samfunnet i samarbeid med styresmakter, livssynssamfunn, kulturliv og ulike organisasjonar.
- Dei som er nye i Noreg, finn sin plass i kyrkjelydane i Den norske kyrkja eller i sine eigne trussamfunn.
- Kyrkja legg vekt på religionsdialog.

3. Kyrkja engasjerer seg i samfunnet

A Kyrkja fremjar menneskeverd, fred, menneskerettar og vern om skaparverket.

B I samarbeid mellom kyrkjelydar og diakonale institusjonar fremjar kyrkja omsorg, verdigheit og respekt.

C Misjon er del av identiteten og oppdraget til kyrkja.

- D** Kyrkja er aktiv og synleg i media.
- E** Kyrkja styrkjer samarbeidet med skolar og barnehagar.
- F** Kyrkja som kulturarena er ein berebjelke i den posisjonen folkekyrkja har i samfunnet.
- G** Kyrkja oppsøker og tilbyr fellesskap til dei som er nye i Noreg.
- H** Kyrkja fremjar religionsdialog lokalt, regionalt og nasjonalt.

Kommentarar til endringar:

Nemninga «kyrkja» eller «Den norske kyrkja» er gjennomgåande brukt.

A og B har bytt plass, for å begynne med det mest generelle.

A Omgrepet «respekt for» skaparverket er bytt ut med «vern om» for å unngå oppattaking av omgrepet i neste underpunkt; det blir vurdert som like presist.

C Forenkling, same innhald.

D Meir presis og kort formulering. Punktet om kyrkja som «tydeleg og konstruktiv aktør i det norske samfunnet i samarbeid med ...» foreslår ein å stryke, da det både er lite konkret og blir rekna som godt nok dekt gjennom andre punkt.

E Nytt punkt som følgje av ønskt fokus. Det er gjort ei avveging mellom skolen som livssynsnøytral arena og kyrkja som ressurs for skolen. Ei såpass generell og offensiv formulering blir vurdert som akseptabel.

F Nytt punkt som skal reflektere både status og kor viktig det er å ha fokus på eit felt der kyrkja står sterkt. Bruk av «folkekyrkja» blir vurdert som relevant i denne samanhengen.

G Meir presist og enkelt.

H Nyansert.

4. Fleire får lyst til å arbeide i kyrkja

- Kyrkja inspirerer til deltaking og sikrar gode arbeidsforhold for frivillige og tilsette.
- Kyrkja styrkjer rekruttering til kyrkjeleg teneste i samarbeid med barne- og ungdomsorganisasjonane og utdanningsinstitusjonar.

4. Fleire får lyst til å arbeide i kyrkja

- A** Kyrkja inspirerer til deltaking i frivillig teneste.
- B** Kyrkja sikrar gode arbeidsforhold for sine tilsette.
- C** Kyrkja styrkjer rekruttering til kyrkjeleg utdanning.
- D** Kyrkja medverkar til at fleire søker kyrkjelege stillingar.

Kommentarar til endringar:

A Tidlegare underpunkt er splitta i A og B for å tydeleggjere satsinga på det frivillige.

C Tidlegare punkt om rekruttering er delt i to fordi det er snakk om ulike satsingsområde. At C, og til dels D, skjer i samarbeid med barne- og ungdomsorganisasjonar og universitet og høgskolar, er underforstått.

5. Den norske kyrkja har velfungerande demokrati og organisasjonsstruktur

A Kyrkja har demokratiske ordningar som sikrar at ho blir styrt i samsvar med grunnlaget sitt og ønska til kyrkjemedlemmene.

B Kyrkja arbeider fram ei kyrkjeordning som varetar både lokal tilhøyrse og heilskapleg styring.

Kommentarar:

Arbeid med planverk og rapportering dei siste åra har vist eit behov for å inkludere eit punkt som går på det indre livet i kyrkja. Det er nødvendig å ha både eit strategisk mål og underpunkt som tydeleggjer og konkretiserer.

Økonomiske/administrative konsekvenser

Som ei følgje av denne saka vil dokumentet som konkretiserer dei strategiske måla i visjonsdokumentet gjennom resultatmål og nøkkelindikatorar, også bli revidert og lagt fram for Kyrkjerådet i september. Vidare vil arbeidet med verksemdsplanar og rapportering bli tilpassa alle nye og justerte formuleringar og mål.